

Høyringsfråsegn til

Forslag til rettskrivningsendringer i bokmål og nynorsk 2024

Erik Solem

Til punkt 3.1

Det er godt å sjå at de gjer framlegg um valfritt kyn i *låt* i år òg, saman med *krampe*, men eg saknar *fart* denne gongen. Eg tvitek merknaden òg min frå i fjord:

[E]g merkjer meg at ordi på *-lekt* enno berre er hankyn på bokmål, trass i at *dialekta* osb. er vanlege òg i bokmålslita talemål. Det gjeld òg *reform* (*form* er derimot hokyn), *sand* («stikke hodet i sanda»), *drone* og andre. Rådet burde ved høve sjå um fleire ord på både bokmål og nynorsk kann få hokynsbøygjing.

Til punkt 3.4

Ja til å strjuka *resurs* og *jusen*, for *jusen* burde berre vera drykken.

Fagrådet vurderer millom anna *kick/kikk* saman med *res(s)urs* og *jus(s)*, men de skriv at det «ikke er grunnlag for endringar» for desse andre ordi. Eg bed um at de vurderer å taka ut *kikk* for det, av di det er skrivt likt eit anna norsk ord, men tala ut ulikt. At ord med hard k fær skrivast med *ki-* skiplar uttalereglane for heimlege ord, men den tydeleg framande stavemåten *kick* syner at ordet er eit undantak.

Til punkt 4.2

Heilt samd i både framlegg og grunngjeving! Det er på høg tid at vedtaket frå 2005 fell. Når hovudregelen elles i norsk og bokmål er tvifaldt bundi form (t.d. *det store huset*), er det eit unaturlegt undantak at stadnamn i bokmål *skal* hava einfaldt bundi form (t.d. *Den sentralafrikanske republikk*), for desse tvo er like konstruksjonar um me ser burt ifrå at det siste er eit sernamn og det fyrste ikkje. Når bokmål òg rømer *det høyeste fjell* attåt *det høyeste fjellet* (serleg i dikt og stivt mål), er det vel greidt at einfaldt bundi form fær vera lov i stadnamn frametter òg. *Stramleiksprinsippet* lyt tapa for systemumsyn og *enkelheitsprinsippet* her.